

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	30.03.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/366	17/2179

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Kontrollutvalet – møtereferat frå 10. februar 2017
- b. Kontrollutvalet – årsmelding for 2016
- c. Nordhordland kemnerkontor – skatteoppkrevjaren – årsrapport 2016
- d. Aufera – årsrapport 2016
- e. Ny kommune – status og framdrift
- f. Førebuande fellesnemnd - møtebok 20. mars 2017
- g. Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval - møtebok 20. mars 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Kommunestyret i Radøy - 009/2017

KS - handsaming:

Stipend til Tommy Urhaug: Ordføraren informerte om at formannskapet støttar Tommy Urhaug også fram mot OL i Tokyo i 2020. Gullvinnaren frå London-OL vil få 30.000 kroner frå Radøy kommune i årleg tilskot til førebuingane fram til Parolympic, og kommunen vidarefører dermed støtta frå lokalsamfunnet. Ordføraren framheva at Tommy Urhaug sjølv har gitt uttrykk for at bidraget frå kommunen er godt å ha med seg også når han skal ut å få private sponsorar.

Årsmelding kontrollutvalet: Leiar i kontrollutvalet, Arild Tveranger orienterte om kontrollutvalet si årsmelding for 2016. Utvalet som er eit lovpålagt tilsynsorgan, hadde i 2016 fem møte og 43 saker. Leiaren i kontrollutvalet nemnte blant anna kontrollutvalet sitt arbeid med selskapskontroll i Sambandet Vest, og forvaltningsrevisjon av barnevernet - med fokus på barn i fosterheim. Tveranger peika på at kommuneøkonomien er i betring, men at dei økonomiske forholda framleis er tronge. Utfordringar knytt til mobbing og beredskap har også vore drøfta i utvalet. Tveranger informerte om at det har vore fellesmøte for kontrollutvala i dei tre kommunane som går saman i ein kommune frå 2020.

Ny kommune 2020: Ordførar Jon Askeland og rådmann Jarle Landås orienterte om arbeidet fram mot ny kommune frå 2020 og om prosessane i førebuande fellesnemnd. Det blir lagt opp til nytt såkalla

"§25-møte" i dei tre respektive kommunestyra 22. juni, som går direkte over i felles kommunestyremøte med fylkesmannen som møteleiar. Her skal formelle vedtak gjerast etter Inndelingslova, og namn på den nye kommunen skal avgjera. Det skjer etter at Stortinget har gjort sitt endelege kommunereform-vedtak, truleg tidleg i juni.

Det skal i løpet av hausten 2017 tilsetjast ein prosjektansvarleg, som blir rådmann i den nye kommunen. I tillegg skal det også engasjerast ein prosjektleiar, som får ansvaret for å leggja til rette og gjennomføra prosessane fram mot ny kommune. Denne to-delinga vil gjera den omfattande og arbeidskrevjande prosessen mindre sårbar.

Førebuande fellesnemnd har sett ned ein namne-komite, som skal leia arbeidet fram mot ei avgjerd i namnevalet.

Det er engasjert ein kommunikasjonsressurs, i første omgang for nokre månader.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering, med tillegg sett fram i møtet.

KS - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Kontrollutvalet_møteutskrift 10_02_2017

Kontrollutvalet_årsmelding 2016

Nordhordland kemnerkontor - Årsrapport 2016(113576)

AUFERA årsrapport 2016

Førebuande fellesnemnd_møtebok_20_03_2017

Førebuande fellesnemnd_partssamansett utval_møtebok_20_03_2017